

Kultur- og kirkedepartementet,  
Postboks 8030 Dep,  
0030 Oslo

NVIM

NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

## **Høyringsuttale frå NVIM - Evaluering av ABM-utvikling (ABM-u)**

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) sluttar seg i hovudtrekk til Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) sine konklusjonar om ABM-utvikling (ABM-u). NVIM meiner det er tenleg med eit nøytralt og felles utviklingsorgan, og sluttar oss til synspunktet om at for å lukkast med samarbeid mellom ABM-sektorane må kvar enkelt sektor gjerast sterk og kunna opptre samordna internt. Rapporten gjev ein god oversikt over bakgrunnen for etableringa og klargjer organet sine formål, strategiar, oppgåver og utfordringar. Rapporten avdekkjer også at mange slit med å danna seg eit klart bilete av ABM-u og at det må arbeidast vidare med å gje ein klarare profil av ABM-u.

NVIM sluttar seg til Hordaland fylkeskommune si høyringsfråsegn og vedtak i fylkesutvalet den 26.08.08. Vi vil her særleg trekkja fram pkt 5 i forslag til innstilling:

*"Fylkesutvalet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM\_feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at deler av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunane."*

Nedanfor kjem vi med nokre tilleggsmerknader sett frå NVIM.

### **Utviklingsarbeid**

NVIM meiner det er verdifullt at ABM-u både er pådrivar for å få i gang prosjekt og bistår i utvikling og gjennomføring av andre sine prosjekt. NVIM vil understreka at ABM-u i sterkare grad bør vera pådrivar for å følgja opp etter vellykka prosjekt. Det er eit tankekors at det ofte ikkje finst midlar til vidareføring og reell utvikling av oppgåver, samarbeid og fagfelt som er etablert gjennom prosjekt.

### **Arkiv**

ABM-u har styrka arkivsektoren vesentleg. Ved opprettinga i 2003 fekk arkivsektoren endeleg eit overordna organ. Dette har medført fagleg utvikling, auka medvit om sektoren og tilgang til prosjektfinansiering. Arkiva treng no ein nasjonal arkivpolitikk. Det er sers viktig å få etablert støtteordningar til å ta vare på, digitalisera og formidla privatarkiv; spesielt næringsarkiv av nasjonal tyding.

### **Statistikk**

Samordning av statistikken er ei stor betring for institusjonane, spesielt i kombinasjon med den gode oppfyljinga frå ABM-u.



## Museumsreformen

ABMU har lagt klare føringar i forhold til konsolideringsprosessane. Dei musea som ikkje har delteke i desse, har ikkje vore prioritert i tilskotsfordelinga. Om dette held fram, vil det føre til stagnasjon i desse musea.

Tidlegare vart alle tilskot samordna gjennom fylkesadministrasjonen, og musea hadde ein institusjon å halda seg til. Etter ABM-u vart oppretta, kjem tilskota frå 3 partar (stat, fylke, kommune). Dette fører til mindre oversikt og meir administrasjon i kvart museum, og er eit klart tilbakesteg. Som igjen fører til mindre tid til publikumsarbeid og museumsfaglege oppgåver.

På kommunalt nivå, vert musea lett ein politisk kasteball i budsjettprosessane. Det er for lett for kommunane å stryke / redusere tilskot til museale formål for å spare pengar. Dette var ikkje situasjonen då fylkeskommunen samordna tilskota. Det er og i strid med sameint statleg og regional politikk om å profesjonalisera og styrkje musea til beste for innbygarane/brukarane.

NVIM meiner som Hordaland fylke i sin høyringsuttale, at det no er dårleg balanse mellom ABM-u sine nasjonale føringar, og fylkeskommunen sine politiske føringar regionalt og til dels lokalt.

NVIM er eit konsolidert museum med spesialfelt smelteverksindustri, energi ved elektrisitet/ vasskraft- og vatn og industrisamfunnet. NVIM er såleis eit spesialmuseum. Dette er nedfelt i Fylkesdelplan for museum i Hordaland:

**Strategi 1, tiltak 1.8 Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum;** *Museet er eitt av fleire tiltak som NVE og OED vil støtta opp om. Slik har NVIM fått ein del oppgåver som kjem inn under det nasjonale ansvaret som NVE har for kulturminne frå denne sektoren. ... Museet får ikkje noko definert geografisk ansvar, men skal ha museumsfagleg ansvar for annan industrikultur i Odda, Ålvik og andre stader i Hordaland. Museet skal også utarbeida ein forpliktande samarbeidsavtale med "Regionmuseum for Hardanger" (no Hardanger og Voss Museum) innanfor saker og felt der dette er naturleg.*

NVIM får no stadig fleire oppdrag utanfor fylkesgrensene som spesialmuseum (t.d. dokumentasjonsarbeid i Glomfjord og om restaurering i Stavanger). NVIM har også fått i oppdrag frå det internasjonale TICCIH (The international committee for the conservation of the industrial heritage) å vera sekretær for å oppretta ein ny seksjon for medlemmer i TICCIH. Den nye seksjonen skal vera eit internasjonalt nettverk knytt til historiske anlegg innan elektrisitet gjennom vasskraft og tilhøyrande elektrometallurgisk og elektrokjemisk industri. Arbeidet består i å listeføra anlegg for ein database og å derigjennom skapa ein møteplass. Ein milepæl blir å arrangera ein internasjonal konferanse for TICCIH i 2010. Dette arbeidet krev ekstraordinære midlar og viser at NVIM ved å utvikla spisskompetanse blir brukt nasjonalt og internasjonalt så vel som regionalt (eks dokumentasjon av Ålvik).

Det kan såleis vera av stor nytteverdi å følgja eit museum i distrikta (her: NVIM) som eit døme på konsolidering utan geografisk ansvarsområde, men med eit tematisk ansvarsområde i den vidare konsolideringsprosessen. Denne særstillinga gjer at NVIM som eit mindre museum gjennom eit stort nettverk kan få fram nye møtestader og samarbeidspartar internasjonalt innan museumsverda. Vi erfarer at det internasjonale samarbeidet på våre spesialtema bidrar til å styrkje og profesjonalisera museet med overføringsverdi til andre museum i Noreg. NVIM kan difor vera eit nyttig "erfaringsmateriale" i konsolideringsprosessen.



### **Nettverksarbeid**

Det er svært positivt at det er etablert ulike museumsnettverk med fokus på spesifikke tema. Det som er svært uheldig er at det einssidig vert fokusert på desse nettverka og det vert ikkje teke omsyn til allereie etablerte nettverk musea er ein del av, i forhold til rapportering og i forhold til arbeidskapasitet.

Det har vore vanskeleg å forplikte seg til å delta i ABM-U sine museumsnettverk når NVIM allereie er ein del av andre nettverk som krev betydeleg arbeidsinnsats.

### **Kompetanseheving**

ABM-u arrangerer mange gode konferansar og kurs og føl opp med gode skrifter eller handbøker. ABM-u styrkjer kompetansen ute i fagmiljøa. Det vil likevel i stor grad vera avgjerande for fagleg kvalitet i arbeidet, at institusjonane blir tilført midlar og har fagpersonar til å følgja opp. ABM-u har ressursar til å utvikla fagfelt utan at "produksjonsmiljøet" ved musea har ressursar til å følgje opp på ein fagleg forsvarleg måte.

ABM-u må i større grad ta inn over seg at kunnskap og kompetanse er spreidd over heile landet. NVIM er einig med Hordaland fylke i at evalueringa kunne gått inn ei djupare drøfting av temaet. I staden for å styrka ABM-u sentralt ynskjer NVIM oppbygging av ABM-kompetanse i regionane, og i dei einskilde musea. Som døme held no NVIM på oppretta kompetansesenter innan industrielt kulturminnevern med tilhøyrande formidling og forrskning, utan at verken Kulturdepartementet eller ABMU har valt å involvera seg.


### **Om utvikling av IKT-tenester for musea**

Bruk og utvikling av IKT er i ABM-meldinga definert som eit hovudinstrument for auka tilgang til materiale og tenester i arkiv, bibliotek og museum. NVIM vil peika på at utviklinga og arbeidsprosessen på digitaliseringsfeltet går for seint. Det må utviklast meir tenlege reiskap for registrering og tilgang innan museumssektoren, slik m.a. biblioteksektoren kan visa til. Samdriftsløysingar for dei mest aktuelle databasane for sektorane og årlege kostnadar for å nytta desse må vera så låge at alle interesserte institusjonar kan nytta dei. Reiskapar for samkøyring av basane er eit anna viktig utviklingsfelt.

### **Avslutning**

ABM-u har bidradd til å styrka dette fagfeltet. Noko er vunne og noko bør endrast. Evalueringa av ABM-u syner at statleg styring blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale forhold. Det finst kompetanse regionalt som kan nyttast betre i utforminga av statlege museumsstrategiar. Det er også viktig å sjå på korleis det interdepartementale samarbeidet på museumsfeltet kan koordinerast og styrkjast til beste for Arkiv, Bibliotek, Museum og Utvikling vidare.

Tyssedal den 1.10.08



Randi Bårtvedt  
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum  
Direktør